# Infoskriv frå rådmannen 18.06.2020

Fyrste halvår 2020 er utan tvil den mest krevjande perioden i mi tid som rådmann i Tokke. Det er sjølvsagt Korona som er ein av grunnane, men også den krevjande økonomiske situasjonen me har hamna i, saman med påfølgjande hektisk aktivitet både i administrasjonen, i politisk miljø og blant innbyggarane.

Mange har nok ein liknande følelse og det er viktig at me no får ro i ferien og tid til å koma litt til hektene.

**Korona:**

Dette viruset har «surra det til» for oss i vår. Det har kravd mykje av mange. Mange tilsette har måtta ta nye oppgåver nye stader, andre har måtta gått inn beredskap utanom det vanlege og mange har arbeidd med førebuing og planlegging for det verst tenkelege. Me har rigga til ein del fysisk og førebudd oss psykisk. De skal alle ha takk for at det stiller opp for brukarar og innbyggarar i Tokke, samt at de er fleksible og løysingsorienterte.

Situasjonen i Tokke er stabil og fri for smitte, men den kan koma her også spesielt no når det er mykje trafikk og reising blant folk. Det er svært viktig å fylgje dei råd som blir gjeve nasjonalt for å unngå smitte. Kommunens råd ligg på heimesider og intranett slik at de kan finne evt. lokal informasjon der.

**Samarbeidsprosjekt mellom Vest-Telemark kommunane:**

1. Digitalisering og velferdsteknologi i regi av Vest-Telemark rådet:
   Det er oppretta eit samarbeidsfora for kommunane i høve digitalisering. Kyrre Hegg har drege i gang dette, men dessverre ikkje kome til så mykje konkrete løysingar enno. Det er også uvisst kva som skjer med vidareføring av arbeidet då Kyrre sluttar i stillinga etter ferien. Anne Guro Hommo arbeider i lag me kommunane og Kari Gro Espeland (samhandlingskoordinator) om prosjekt innan velferdsteknologi. Dette arbeidet er godt i gang og vil nok føre til nokon endringar av praksis.
2. IKT:
   VTDS har vore i drift i 1 ½ år no og byrjar å gå seg til. Det har vore mykje som skal på plass og mange utfordringar i denne tida, både med ny programvare, leverandørar, maskinvare og utfordringar knytt til Korona. Det har vore ein del frustrasjon , men dei tilsette har gjort ein god jobb og er positive og hjelpsame.
3. Nytt NAV Vest-Telemark:
   Dei er godt etablera i flotte restaurerte lokale på Dalen, med alle tilsette på plass. Dei har no vore i drift i eit halvt år og ser ut til å fungere godt sjølv om dei har hatt store utfordringar knytt til Korona situasjonen. Arbeidsløysa er i alle fall på kraftig nedtur no og det er gledeleg.

**Andre samarbeid:**

1. Økonomi:
   Det er jo slik at det er fleire på økonomiavdelinga som sluttar i løpet av det neste halve året og me takkar for den gode innsatsen dei gjer og har gjort for kommunen. I og med at skatteinnkrevjing forsvinn frå kommunen og at me har vedteke å samarbeide om ein del av lønsarbeidet har me tenkt litt annleis om organiseringa. Me er i gang med å sjå på samarbeid i høve nokon funksjonar, med Fyresdal.
   Bemanninga er også endra frå 1. september då me får inn ei ny dame på avdelinga som skal arbeide med løn og støtte mot etatane som hovudoppgåver.

2. Psykologtjeneste:
   Seljord er vertskommune for dette samarbeidet og det er tilsett ein psykolog til slik at det er 2 psykologar no,. Dei skal operere i samarbeid med alle Vest-Telemark kommunane utanom Vinje.

**Budsjett og rekneskap:**

Kommunen er inne i ein krevjande periode økonomisk, mykje på grunn av mykje lågare inntekter enn budsjettert. Det er særleg kraftinntekter som sviktar og kan gje oss ei mindreinntekt på over 10 mill. Koronasituasjonen har også ført med seg ein del inntektstap, på mellom anna skatt, men mykje av dette er kompensert. Vidare er det usikkert korleis løns- og prisvekst utviklar seg vidare.

På grunn av låge straumprisar i år så vil me også få eit stort inntektstap neste år då utbytte frå kraft ver berekna frå året før. Dette medfører at det ikkje er noko særskilt for 2020, men at økonomien vert strammare over tid. Nedgangen i folketal og mindre overføringar frå Staten er også framtidige truslar mot økonomien.

Elles har alle vore flinke til å ha kontroll dei 3 fyrste månadane, men me må dessverre stramme inn kraftig og sjå etter moglege måtar å redusere utgiftene på.

Budsjettreduksjonar for 2020 er vedteke og detaljar kring korleis etatane løyser dette blir arbeidd med vidare til budsjetthandsaming for 2021. Rådmannens framlegg er vedteke med mange endringar i form av ein del tiltak på drift og ein del verbalvedtak.

Investeringsbudsjettet har bare mindre justeringar.

**KS-læring:**

Det ligg mykje god informasjon og kurs på denne plattforma og det er bra at de brukar dette og set dykk inn i det som er aktuelt.

**Resepsjonen og oppgåver:**

Me bemannar resepsjonen med faste tilsette gjennom sommaren i år. Dette for å kunne gje tydelege svar og god informasjon om det skulle skje noko i løpet av ferien. Opningstida vil som tidlegare vere frå 1000 til 1400 frå veke 28 til 33

**Sosialt arrangement:**

Me har dessverre ikkje fått gjennomført arrangement som planlagt på grunn av Korona, me får koma tilbake med nye planar nå me ser at det er gjennomførbart.

**Arbeid i organisasjonen:**

Sjukefråveret har dessverre auka noko igjen i fyrste kvartal og det er i hovudsak før Korona-utbrotet. Det er nok noko relatert til stor aktivitet og arbeidspress, men ein del er også andre typar fråvær. Me må uansett fylgje nøye med på utviklinga og evt. setje inn tiltak.

I perioden frå 12. mars er det vanskeleg å vurder då Korona førte til ein del ny type fråvær som er ulikt registrert. Det er fråveret frå juni og utover som nok er meir retningsgjevande for korleis det står til i høve fråvær.

Leiargaloppen er eit program for leiargruppa til rådmannen, men alle tilsette har også vore involvera og vil kome til å bli det når me tek tak i arbeidet att. Dette arbeidet, saman med arbeidet som er informert om i høve 10-faktor er av naturlege årsakar utsett til seinare på året. Det vil kome ny informasjon om dette seinare.

Med hovudfokus på intern kommunikasjon så er det viktig at kvar og ein tenker gjennom effektive og gode måtar å gjere dette, samt passe på at bodskapen er tydeleg og avklarande. Bruk gjerne telefon litt meir og e-post litt mindre for enkle spørsmål.

Kvalitetssystemet Compilo er installert, men fungerer ikkje særleg godt enno. Me må få lagt inn «singel sign on» slik at de kan koma inn på ein grei måte. Rutinar og prosedyrar byrjar å kome på plass så me håpar me kan få det ordentleg i drift i løpet av hausten.

Det er stor aktivitet med prosjekter ved TDV. Kjøken på helsesenteret blir truleg endeleg finansiert i kommunestyret 23., plassering av ny barnehage i Høydalsmo blir også bestemt og prosjektleiing vil bli bestemt innan kort tid. Me er snart ferdige med riving av Mo skule og skal setje i gang arbeid med utbetring av Vistad bro. Det er mange fleire prosjekter også i gang.

**Tilsette:**

Eg vil ynskje nye tilsette hjarteleg velkommen til Tokke kommune, og takke dei som vel å gje seg men har gjort ein god innsats for kommunen vår.

Gjennom dykk får innbyggarane våre gode tenester og god oppfølging. I vår har det vore ekstra krevjande, men de har løyst utfordringane på ein framifrå måte. Nye digitale løysingar, særleg innan kommunikasjon er teke i bruk og me har fått eit lite digitalt løft.

Eg vil takke alle tilsette i Tokke kommune for god innsats og vilje til å stå på for innbyggarane våre. Det kjem gode tilbakemeldingar frå kommunestyret og innbyggarane på at me yter gode tenester og at kommunen for tida går bra.

Hugs at me også treng fleire fagfolk i stillingane rundt om og at me treng fleire innbyggarar så skryt av den flotte kommunen vår når de kan, omdømmet vårt bade internt og eksternt avgjer om me er attraktiv som bustadkommune og arbeidsgjevar.

Rektig god sommar til dykk alle.

Helsing John Kleiv